



**Statens vegvesen**



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Sporstøl Arkitekter AS  
Postboks 301  
6067 ULSTEINVIK

Behandlande eining:  
Region midt

Sakshandsamar/telefon:  
Maria Svendsen / 48293933

Vår referanse:  
19/104885-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
20.06.2019

## Uttale til varsel om oppstart av planarbeid for detaljregulering med konsekvensutredning for Risneset – Hareid kommune – Plan ID: 2019001

Vi viser til varsel om oppstart av planarbeid for detaljregulering med konsekvensutredning for Risneset i Hareid kommune datert 09.05.2019.

*Statens vegvesen har ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyremakt med sektoransvar på transportområdet.*



Kartutsnitt som viser planområdet

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegane, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringar for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegane på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Postboks 2525  
6404 MOLDE

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

## Saka gjeld

Det fremmast eit forslag om regulering av eit område ved masseuttaket i Hjørungavåg i Hareid kommune. Formålet med reguleringsplanen er å transformere området frå masseuttak til industriområde. Det skal fortsatt drives med uttak, men det skal etablerast industri på dei områda som ikkje brukast til uttak lenger.

## Planprogram

Planprogrammet er utfyllande og oversiktleg, og det blir beskrive kva tema som skal utgreiast og arbeidast med i konsekvensutredninga i forbindelse med planarbeidet. Vi har ingen merknader til planprogrammet.

## Innspel til planarbeidet

### Tilknytning til fylkesvegen

Tilkomstvegen inn til planområdet går frå fv. 5886 (fv. 35), forbi kv. 2312 (Vågsvegen) og vidare til kv. 2313 (Gåsneset), jf. kartutsnitt under. Tilhøva i avkøyrsla mellom fylkesveg til kommunal veg er gode. Det står skrevet i pkt. 8.2.3 i planprogrammet at handbok N100 skal ligge til grunn for prosjektering. Vi minner om ny versjon av N100 som blei vedtatt i mai 2019, og ber om at denne blir lagt til grunn i det vidare planarbeidet.



Kartutsnitt frå [www.vegkart.no](http://www.vegkart.no)

### Infrastruktur og transportbehov

Vi viser til pkt. 8.2.3, kor det kjem fram at belastninga på det lokale vegnettet og omkringliggende vegnett forblir uendra som følgje av reguleringa. Vi går ut i frå dette da økt mengde tungtransport har påverknad på trafikktryggleiken og mengda støy- og luftforureining.

### **Konklusjon**

Vi viser til merknadene ovanfor og ber om dei vert teke med i det vidare planarbeidet. Statens vegvesen har ut i frå sine ansvarsområde ingen andre merknader til planarbeidet.

Plan- og trafikkseksjonen  
Med helsing

Lisbeth Smørholm  
Seksjonssjef

Maria Svendsen

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE  
Hareid kommune, Rådhusplassen 5, 6060 HAREID  
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE



Sporstøl Arkitekter AS  
Postboks 301  
6067 ULSTEINVIK

Dato: 19.06.2019  
Vår ref: 19/02402-2  
Deres ref:

## Fråsegn til varsling om oppstart planarbeid for detaljregulering med konsekvensutredning for Risneset i Hareid kommune.

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00  
**E-POST** post@dirmin.no  
**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883  
**SWIFT** DNBANOKK  
**IBAN** NO5376940505883  
**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**  
**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 9. mai 2019.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressurser, og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i plansakar.

### Om planen

Føremålet med planarbeidet er å transformere området som i dag drives som masseuttak til framtidig industriområde. Det skal leggst til rette for vidare masseuttak av eit større område på 200 daa, samstundes som ein legg til rette for framtidig næringsområde i Hjørungavåg. Tiltaket er vurdert til å verte omfatta av kravet om konsekvensutgreiing. Planprogrammet er lagt ved saman med varsel om oppstart. Området er i kommuneplanens arealdel sett av til næringsføremål. Det er denne planen som vil ligge til grunn i det vidare arbeidet med detaljreguleringa sidan eldre reguleringsplan for området har utgått.

### Fråsegn frå DMF

Planområdet ligg over den lokalt viktige førekomsten Hjørungavåg, der det er lokalisert eit aktivt masseuttak med driftskonsesjon gjeve av DMF. DMF er positive til at det vert lagt til rette for vidare masseuttak slik at ein større del av førekomsten vert utnytta.

Når det blir regulert for masseuttak forventar DMF at det vert gitt ei grundig utgreiing av ressursen som skal takast ut, omfang, kvalitet, marknad etc. DMF ber difor om at det blir gjort greie for kor mykje massar som skal takas ut i utvida uttaksområde. Vi oppmodar om å nytte kombinert føremål for masseuttak og næring.

Vi kan ikkje sjå at driftskonsesjon og krav i minerallova er omtalt i planprogrammet. DMF minner om at ny søknad om driftskonsesjon og driftsplan for utvidinga av uttaket skal vere godkjent for utvidingsområdet før drift kan starte. DMF minner om krav til driftskonsesjon og viser til våre heimesider for nærmare informasjon<sup>1</sup>

---

<sup>1</sup> <https://dirmin.no/tema/oppstart-av-uttak>



### Skjerming

Det kommer fram av planprogrammet at det skal leggjast klare føringar for skjerming. Det opplysast om at området nord for vegen skal fungere som vegetasjonsskjerming, noko som kan bidra til å redusere innsyn, støy og støv. Det må settast av nok bufferareal slik at skjerminga blir brei nok.

### Sikring

Behov for sikringstiltak vil fastsettast i driftsplan, men det er viktig at ein allereie i reguleringsplan sett av tilstrekkelig areal for dette. Sikringstiltak bør leggjast i ein eigen sikringssone der det er mogeleg å fjerne vegetasjonen. Dette er viktig både for å unngå at eventuelle sikringsgjerder blir øydelagt av for eksempel trefall, samt at det skal vere enkelt å kome til for å gjennomføre tilsyn. Vi rår til at ein sett av minimum 3-4 meter på begge sider av sikringa, men dette må vurderast ut frå behov for sikring og terrengutforming.

### Føresegner

DMF rår til at reguleringsplanen regulerer dei ytre rammevilkåra for masseuttaket og at det ikkje vert sett føresegner i reguleringsplan som angår drift av masseuttaket. Det er ugunstig å binde krav til uttaksmåte og driftsdetaljar i reguleringsplan fordi det ofte må søkast om dispensasjon frå reguleringsplan dersom det skjer endringar undervegs. Drifta og dei interne forholda innafor planområdet skal takast omsyn til i driftsplanen.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no).

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad  
seksjonsleiar

Karoline Ulvund  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Karoline Ulvund

Motta karar:

Sporstøl Arkitekter AS                      Postboks 301                      6067 ULSTEINVIK

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og                      Postboks 2520                      6404 MOLDE  
Romsdal



SPORSTØL ARKITEKTER AS  
Postboks 301  
6067 ULSTEINVIK

Saksbehandlar, innvalstelefon  
71 25 84 05 Kari Bjørnøy

## Hareid kommune

### Detaljreguleringsplan med konsekvensutredning - Risneset

#### Oppstart

*Fylkesmannen er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Fylkesmannen i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Fylkesmannen sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

#### Bakgrunn

Det er varsla om oppstart av detaljreguleringsplan med KU for Risneset. Planområdet er på om lag 364 dekar. Området ligg ved masseuttak i Hjørungavåg, og føremålet reguleringsplanen er å detaljregulere til framtidig næringsområde. Ein ønskjer å trinnvis transformere området frå masseuttak til industriområde. Ein kan på den måten drive med masseuttak samtidig som det etablerast industri der uttaket er avslutta. Området for masseuttak er i kommuneplanen sett av til næringsføremål.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

#### Merknad planprogram

Vi har ikkje merknader til planprogrammet.

#### Landskap

Tiltaket legg beslag på eit stort areal, og det må leggast vekt på god landskapstilpassing der tidlegare utarbeidd landskapsplan for Risneset skal vere førande for detaljreguleringa. Landskapsplanen legg også rammer for etappevis uttak av stein og gir retningslinjer for tilstelling og re-vegetering av området etter uttak.

### **Friluftsliv**

Kartet viser at det er nokre turstiar innanfor planområdet. Friluftsliv er eit tema som ifølgje planprogrammet skal utgreiast, også med høve til eventuell skjerming mot tilgrensande friluftsområde.

### **Forureining og støy**

Støytilhøva må avklarast. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442, med tilhøyrande rettleiar, skal leggest til grunn for all arealplanlegging og utbygging. Det bør setjast krav til når massetaket skal vere endeleg avslutta og korleis området då skal framstå. Det bør også setjast krav til driftstid (t.d. kun kvardagar i tidsrommet 0800-1600). Då det skal vere knuseverk og siktestasjon ved massetaket, vil tiltaket vere omfatta av forureiningslova kapittel 30. Her stillast det krav til skjerming, støvdempande tiltak, utslepp av støv, utslepp til vatn, støy m.m.

### **Konklusjon**

Vi legg til grunn at tiltaket held seg innanfor rammene for arealbruk som er sett i gjeldande kommuneplan. Vi viser elles til våre merknader og ber om at desse takast med i det vidare planarbeidet.

Vi legg også til grunn at massetaket vil bli drive i samsvar med godkjent driftsplan.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

### **Kopi**

Hareid kommune

STATENS VEGVESEN

Møre og Romsdal fylkeskommune

Direktoratet for mineralforvaltning

Postboks 8142 Dep

Fylkeshuset

0033 OSLO

6404 Molde

**Fra:** [Anne Kathrine Løberg](#)  
**Til:** [Bjørnar Sporstøl](#)  
**Emne:** Merknad til oppstart av planarbeid for detaljregulering for Risneset  
**Dato:** mandag 20. mai 2019 15:11:03  
**Vedlegg:** [image001.png](#)

---

Ut frå våre saksområde har vi ingen merknad til planarbeidet.

Helsing

**Anne Kathrine Løberg**

avdelingsleiar

Landbrukskontor for Herøy - Ulstein - Hareid

*Tlf. 70084670 Mob. 90034380*



[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)



Avsender: Møre og Romsdal fylkeskommune  
Postboks 2500  
6404 MOLDE



87911-455-27

MOTTATT 27 JUN 2019  
*Elsbeth H. Gjerdtsbak*

Sporstøl Arkitekter AS  
Postboks 301  
6067 ULSTEINVIK

## Hareid kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Risneset - fråsegn til oppstart og offentlig ettersyn

Vedlagt følger brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Møre og Romsdal fylkeskommune har tatt i bruk sikker digital post. Dette skal vere førstevalet i samhandlinga mellom det offentlege, innbyggjarar og næringslivet. I staden for å få brevet i di fysiske postkasse, kan du få det levert raskt og trygt til di digitale, anten Digipost eller e-Boks. Digital post er gratis å bruke, det er miljøvenleg og alle breva er samla på ein stad. Lese meir om dette på [www.norge.no](http://www.norge.no). Her kan du også reservere deg mot å få posten digitalt.

Brev frå fylkeskommunen til næringsliv, lag og foreiningar blir sendt til Altinn, og desse mottakarane kan ikkje reservere seg mot digital post.

Med helsing  
Møre og Romsdal fylkeskommune



455 1

/455#2463:60d0320b-b7bb-482c-a8e6-80e9c7aa2058:1



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Sporstøl Arkitekter AS  
Postboks 301  
6067 ULSTEINVIK

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	09.05.2019	63971/2019/REGULERINGSPLAN/1517	Synnøve Valle, 71 28 02 39	21.06.2019

## Hareid kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Risneset - fråsegn til oppstart og offentlig ettersyn

Føremålet med reguleringsplanen er å transformere området trinnvis frå masseuttak til industriområde.

### MERKNADER TIL PLANPROGRAMMET

Hareid kommune har vurdert at planforslaget utløyer krav til konsekvensutgreiing. Framlegget til planprogram viser til føremålet med arbeidet, gjeldande planar, lover og føringar, framdriftsplan, kva som skal konsekvensutgreiast og korleis medverknaden skal skje.

Område for uttak av stein og pukk har potensial i seg for konflikt, til dømes i samband med støy- og støvproblem. Vi vil tilrå at det i prosessen vert lagt til rette for ein aktiv medverknad der alle berørte partar vert gitt høve til å uttale seg.

### INNSPEL TIL PLANARBEIDET

#### Barn og unge

Fylkeskommunen er gitt eit særskild ansvar i å ta vare på barn og unge sine interesser i planlegginga. Reguleringsarealet rører ikkje direkte ved barn og unge sine leike- og ferdelsesområde, men det er både bustadområde og idrettsplass like ved reguleringsområdet. Desse kan verte påverka av til dømes tungtrafikk til og frå industriområdet.

#### Automatisk freda kulturminne

Om lag hundre meter vest for den vestlige grensa til planområdet ligg eit gravfelt med om lag 25 mindre gravrøyser. Tiltaket som er planlagt i Hjørungnesmyrane kan virke utilbørlig skjemmaende for gravfeltet. Vi ønsker derfor å gjere ei synfaring på området. Gravene som ligg på Legene har opphavleg vore orienterte mot vågen, samt med utsikt mot Storfjorden i nordaust. Lokaliteten har Idnr 45870. Også i nordaust ligg to gravrøyser, der relasjonen til planområdet må avklarast.

Vi vurderer også planområdet til å ha potensial for automatisk freda kulturminne, særleg knytt til utmarksbruk som produksjonsområde til kol og jern. Stadnamnet Kolsgarden *som ligg like ved, kan tyde på dette*. Vi vil på grunnlag av dette stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova (KML).

Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør KML §§ 9 og 10. Kulturavdelinga ber om skriftleg aksept på vedlagte budsjett, i tråd med dei nasjonale retningslinene for budsjettering av slike arkeologiske registreringar. Budsjettet er eit maksimumsbudsjett. Vesentlege uforutsette forhold kan gje grunnlag for utarbeiding av nytt budsjett.

Vi minner om at det vert fakturert med timepris for det året registreringa er gjennomført, sjølv om budsjett er satt opp med timepris for eit tidligare år. Dei nye satsane gjeld frå 28.5.2018.

Dette vil truleg vere ei registrering der visuell overflatesøk og prøvestikking vert nytta som metode, men ein kan kome i ein situasjon der ein treng gravemaskin. Dersom dette er tilfelle, vil tiltakshavar bli kontakta så snart dette vert avklara.

Ved eit eventuelt behov for gravemaskin, bør gravemaskina helst vere 8-12 tonn, og ha vribar skuff med flat skjær på minst 1,20 m breidd. Vi gjer merksam på at eventuell tilsåing og reparasjon av gjerder og vegar er tiltakshavars ansvar viss ikkje anna er avtalt.

All korrespondanse skjer elektronisk, også utsending av arkeologisk fagrapport. Skulle det vere ønske om å få tilsendt den arkeologiske fagrapporten i papirutgåve, må dette etterspørjast.

Vi rår til at registrering vert gjennomført så tidleg som muleg i planprosessen. Eventuelle funn kan få innverknad på korleis planen vert utforma. Om ein utset registreringa til planen er ute til offentleg ettersyn, kan dette forseinke saksgangen fram mot endeleg planvedtak

Planen kan ikkje godkjennast før desse tilhøva er avklara. Eventuelle endringar skal gjerast i samråd med fylkeskommunen.

#### **KONKLUSJON**

- Det vert stilt krav om arkeologisk registrering, jamfør Kulturminnelova sin § 9.
- Vi rår til at det blir lagt til rette for ein aktiv medverknad der alle berørte partar vert gitt høve til å uttale seg.
- Vi bed om at det blir lagt vekt på barn og unge sine interesser i planarbeidet.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Synnøve Valle  
rådgivar

*Brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli sendt i papir*

#### Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Arve Eiken Nytnun. Tlf 71 28 03 25

Vedlegg: Budsjett for arkeologisk registrering

Kopi:  
Hareid kommune

Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



# Budsjett arkeologisk registrering

## Arkeologisk budsjett for reguleringsplan for Risneset

Saksnr.	2019/7301	Saksbeh.:	Arve Eiken Nytun
Prosjektnr.			Dato: 21.06.2019
Sted/ gård, kommune	Hjørungavåg, Risneset, Hareid kommune		
Tiltakshaver	Brekke og Kleppe		
Adresse			

LØNNSKOSTNADER				sos.utg.			
timekostnader	timer	à kr	direkte lønn	47 %	sum		
Forarbeid	7,5	kr 310,00	kr 2 325	kr 1 093	kr 3 418		
<i>Delsum</i>	8		kr 2 325	kr 1 093	kr 3 418		
Feltarbeid	37,5	kr 360,00	kr 13 500	kr 6 345	kr 19 845		
<i>Delsum</i>	38		kr 13 500	kr 6 345	kr 19 845		
Etterarbeid	37,5	kr 310,00	kr 11 625	kr 5 464	kr 17 089		
<i>Delsum</i>	38		kr 11 625	kr 5 464	kr 17 089		
<b>Sum lønnskostnader</b>	<b>83</b>		<b>kr 27 450</b>	<b>kr 12 902</b>	<b>kr 40 352</b>		

**Indirekte kostnader** 60 % av timekostnader **kr 24 211**

DRIFTSKOSTNADER	antall	à kr		
Kost	5	kr 780,00	kr	3 900
Losji	7	kr 1 000,00	kr	7 000
Reiseutlegg			kr	1 500
Leiebil el. tilsvarende	750 per døgn		kr	3 750
Sum reise, kost og losji			kr	16 150
Forbruksmateriell og utstyr	(10 %)		kr	6 456
<b>Sum driftskostnader</b>			<b>kr</b>	<b>22 606</b>

KJØP AV TJENESTER			
Gravemaskin			
Annet teknisk utstyr			
<i>Delsum</i>			
Naturvitenskapelige analyser			
14C	4950 kr per prøve	kr	15 000
annet	Andre vit.skl. Analyser (treartsbest., pollenprøver etc.)	kr	10 000
<i>Delsum naturvitenskap</i>		kr	25 000
Andre konsulent tjenester			
<b>Sum kjøp av tjenester</b>		<b>kr</b>	<b>25 000</b>

Håndtering av funn, prøver og dokumentasjonsmateriale (inntil 10 % av lønnskostnader)			
Bergen museum	4 %	kr	1 614

**SUM BUDSJETT (maksimum)** **kr 113 783**



455\_4.L

455#2469:60003200b-b7bb-482c-a0e6-80e6c7aa2058:7

Sporstøl Arkitekter AS  
Postboks 301  
6067 ULSTEINVIK

Vår dato: 06.06.2019  
Vår ref.: 201905318-2  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 09.05.2019  
Dykkar ref.: Martine Antonia Dalen

Sakshandsamar:  
Idun Nessestrand Vefring

## NVE sitt innspel - Varsel om oppstart - Detaljreguleringsplan for Risneset - Næringsområde - Hareid kommune

Vi viser til varsel om planstart av reguleringsarbeid datert 09.05.19. Føremålet med planarbeidet er å detaljregulere området som i dag vert nytte til masseuttak til framtidig næringsområde. Planen legg opp til å trinnvis transformere området frå masseuttak til industriområde

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde innanfor saksområda flaum- og skredfare, ålmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

Ved oppstart av planarbeidet rår vi til å nytte følgjande rettleiarar og verktøy:

- [NVE sine karttenester](#) viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- [NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging](#) skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- [NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](#) skildrar kva flaum- og skredprosessar som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgreiast og innarbeidast i planen.
- [NVE si sjekkliste for reguleringsplan](#) kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy er tilgjengeleg på [www.nve.no/arealplan](http://www.nve.no/arealplan).

Planområdet ligg under marin grense. I følge NGU sitt lausmassekart består lausmassane i planområdet av tynne hav-/ strandavsettingar, forvitningsmateriale, torv og myr og tynt humus-/ torvdekke. I område med marine avsettingar kan ein ikkje utelukke førekomstar av kvikkleire. Fare for områdeskred av kvikkleire må difor vere eit tema i ROS-analysen. NVE rår til at prosedyren i NVE rettleiar 7/2014 «Sikkerhet mot kvikkleireskred» vert nytta så langt som naudsynt for å avklare skredfaren.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



Med helsing

Brigt Samdal  
regionsjef

Idun Nessestrand Vefring  
avdelingsingeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:

## Reguleringsplan for Risneset industriområde.

Hei og takk for sist.

Sender her som nevnt og notert på møtet vi hadde 19/6-19, innspel til reguleringsplanen.

Punktvis :

1:

Industritomta på ett nivå.

Ønske om at industri området blir mest mulig på ett nivå helt bak til det grønne beltet mot tomtegrensen vår. Slik at toppen på industribyggene som eventuelt kommer i fremtiden ikke vil stikke over den høyden som blir på terrenget i dag mot vår tomt. Fra vår eigendom og stuevindu blir et senket industriområde mindre ødeleggende i naturbildet og for utsikta vår. Vi har ingen som helst ønske om å sjå rett i ett industriområde, da dette vil redusere både verdien på boligtomten vår og redusert bo- glede.

2:

Støy og støvredusering som skal bygges i grensebeltet mot vår tomt.

Som diskutert på møtet må der komme en voll på 3-4meter eller mer i grensebeltet til vår tomt( alt etter kva som passer best med terrenget og utsikta), den må også beplantes med helårsgrønne trær som furu o.l. Dette er for å skjerme vår eigendom og øvrig bebyggelse mot støy og støv. Dette er spesielt viktig å få opp tidlegast mulig fra dagens dato da det allerede er en del støy fra anleggsområdet som høyrer godt ved vår bolig. Og skal beplanta trær rekke å vokse seg høye og tette nok til å beskytte mot støv og støy til utsprengingen kommer nærmere vår tomt må dette på plass tidlig i fasa og ikke så seint som skissert. Dette er høg prioritet for oss da vi ønsker å bevare gården som det friområdet den er i dag , å ikke få det ødelagt av for mye støy fra både utbyggingsfasen og det ferdig industriområde.

3:

Høgspenlinja som går gjennom vår tomt og videre inn på planlagt industriområde.

Om høgspenlinja skal flyttes eller oppgraderes i forbindelse ved bygging av fremtidig industri vil vi få denne omlagt og flyttet til ytregrense til industritomta fremfor igjennom vår tomt som den går idag, og siden der skal bygges en grensevoll kan vell linja da legges i rør i vollen samstundes ?

Dette siden både trafo på nordsiden av tomta vår og linja vil komme på den planlagte industritomten.



4:

Omlegging av hovedveg mot Hjørungneset.

Skulle det bli aktuelt att industritomta må opp på ett høyere nivå i bakkant mot nord og byggene må ha tilkomstvegen er det også ønskelig å da få vurdert mulegheita å legge om hovedvegen mot Hjørungneset . Da slik att vegen går mot den planlagte parkeringen mot Leirvågen og videre opp til eventuelle industribygg og tilknyttes den eksisterende vegen mot Hjørungneset. Dette for å få betydelig redusert trafikk som går gjennom vårt gårdstun og inntil husveggen vår idag. Hjørungneset er ett mye benyttet friluftsområde som gir betydelig økt trafikk vår og sommer halvåret, i tillegg til eksisterende beboere resten av året. Da blir også oppgradering av eksisterende veg ikke nødvendig.

5:

Bruk av tilkomstveg og parkeringsplassen på nordsiden av tomten vår da denne vil havne midt i grensa.

Alternativ 1 eller 2.

1: Sleppe å selge dette området da vi har bruk for denne parkeringsplassen og tilkomstvegen fra kommunalveg.

2: Beholde/disponere den delen av vegen og parkeringsplassen som vil havne i grensa til industritomta etter salg av tomt, og visst tilkomstvegen må flyttes i forbindelse med industriutbygging må utbygger få laget ny tilkomstveg til parkeringen. Vi har planer om å oppgradere og gruse oppatt denne vegen og parkeringa i nær fremtid da vi har bruk for denne plassen til parkering av landbruks utstyr o.l

Vil også presisere til slutt att hadde vi fått velge, hadde vi valgt att der ikke skulle bli noe mer industri utbyggelse i området. Begrunna av støyen dette skaper i ett ellers så stille og idyllisk område, og att det blir ett stygt innhogg i naturbildet.